

Haustetidsvurderingar av eple i veke 36

Måndag 31. august er det teke ut prøvar frå Discovery, Summerred og Gravenstein for haustetidsvurdering. Solrike dagar og kjølegare netter har siste veka gitt meir dekkfarge på epla og grunnfargen er blitt lysare gul.

Discovery

Fargeutviklinga siste veka har gitt raud, skinande dekkfarge på den best utvikla frukta, samtidig som grunnfargen har lysna. Det er dei best utvikla epla som blir plukka ut til haustetidsvurdering. Ved starthasting skal grunnfarge tilsvare C3 på fargevifta. Sjòlv om det jamnt over er lite Discovery i hagane må ein henge att eple med dårleg utvikla farge og småfallen frukt.

Alle felta har høgt sukkerinnhald i epla og frukta inneheld framleis mykje stive som vil auke sukkerinnhaldet framover mot starthasting.

Discovery

Rettlei. Til Bama*

Dyrkar	E. Hamre	M. Andenes	K.O. Loen	K. Strand		
Adresse	Sandane	Sandane	Loen	Loen		
Prøve nr	1	2	3	4		
Dato	31.08.2020	31.08.2020	31.08.2020	31.08.2020		
Fruktvekt (g)	138	132	148	143		
Avling	1-2	2-3	1-2	1-2		
Fastleik kg/cm ²	7,5	8,8	8,2	8,6	7,0-8,0	Min.7,0
Brix (% sukker)	12,6	12,1	12,2	12,9	10,8	10,8
Stive	5,2	2	4,1	2,6	6,0-8,0	6,0-8,0
Streif	0,114	0,363	1,164	0,257	0,09-0,16	

*30 % dekkfarge glinsande raud. Grunnfarge C3-C4

Prøve 1:



Denne prøva er komen lengst i stivenedbryting og har lågast fruktfastleik, men manglar enno litt på optimalverdiar for starthasting på desse målingane. Kan med fordel henge på framover mot komande helg, vil då få enno betre fargeutvikling.

Prøve 2:



Epla har lys grunnfarge og godt utvikla dekkfarge, men stivenedbrytinga er berre så vidt starta opp og epla har høg fruktfastleik. Kan med fordel hange på til neste veke.

Prøve 3:



Frukta har fått fin fargeutvikling siste veka og epla har høgt sukkerinnhald. Fin fruktstorleik, men stivenedbrytinga kan med fordel halde fram enno ei stund før starthausting mot slutten av veka.

Prøve 4:



Sukkerinnhald på 12,9 -men enno mykje stiva att i epla som ved nedbryting vil gje endå høgare brix og svært god smakskvalitet. Høg fruktfastleik tilseier og at epla bør hange på til komande veke.

Summerred

God utvikling siste veka, men frukta må framleis hange på. Som vanleg er sukkerinnhaldet lågare enn i andre sortar, men held her minimumskravet i alle uttekne prøvar. Det er framleis bra med stive att i epla, som vil gje auka sukkerinnhald framover mot starthausting. Fruktfastleiken er enno høg, eit svært viktig haustekriterium for Summerred. Mjuke eple av Summerred er dårleg salsvare.

Summerred

* Til
Rettlei. Bama


Dyrkar	G A Vereide	M. Andenes	K. Strand	E.T Rake	K.O.Loen		
Adresse	Sandane	Sandane	Loen	Loen	Loen		
Dato	31.08.2020	31.08.2020	31.08.2020	31.08.2020	31.08.2020		
Fruktvekt (g)	140	145	145	157	159		
Avling	3	2-3	2-3	2-3	2-3		
Fastleik kg/cm ²	8,0	7,9	8,1	7,8	8,2	7,0-8,0	6,0-7,0
Brix (% sukker)	11,2	10,6	11,1	10,5	10,7	10,5	10,5
Stive	2,9	3,8	2,4	2,6	2,6	5,0-7,0	
Streif	0,247	0,196	0,305	0,285	0,293	0,09-0,11	

*50 % dekkfarge. Grunnfarge C3-C4

Prøve 1:



Prøve 2:



Prøve 3:



Prøve 4:



Prøve 5, Summerred:



Raud Gravenstein

Første raude dekkfarge er kome på frukta siste veka. Epla i prøva er svært store, men fruktkjøtet er fast og friskt, utan tendensar til bruning eller indre samanbrot. Det er mykje stive att i epla, noko som lovar godt for kvalitetsutviklinga framover mot haustestart.

Raud Gravenstein		Rettlei.	*Til Bama
Dyrkar	G A Vereide		
Adresse	Vereide		
Dato	09.09.2019		
Fruktvekt (g)	234		
Avling	1 til 2		
Fastleik kg/cm ²	8,3	7,0-8,0	6,0-7,0
Brix (% sukker)	11,7	10,8	10,8
Stive	1,8	5,0-7,0	
Streif	0,392	0,09-0,16	

* 50 % dekkfarge. Grunnfarge C3-C4



Nytt prøveuttak av eple blir gjort måndag 7. september.

